



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/66735-2

Dykkar referanse: Vår dato:  
20/2347 – 20/16113 29.05.2020

### Fråsegn til planframlegg til offentleg ettersyn – Detaljregulering Alverstraumen kai – gnr. 133 bnr. 7 m. fl – PlanID-1263-201213– Alver kommune.

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 31.03.2020. Saka gjeld høyring/offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Alverstraumen kai, gnr. 133 bnr. 7 mfl. Alver kommune har gjeve utsett formell frist for eventuell motsegn i saka til 2 veker etter at eit dialogmøte er gjennomført, eventuelt 2 veker etter at kommunen har avslått dialogmøte. Kommunen gjev uttrykk for at dei likevel ynskjer ei uttale i saka innan 10.06.2020. Dette brevet vert difor å betrakte som ei førebels vurdering frå Statens vegvesen.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Saka gjeld

Rognaldsen Eigedom AS ønskjer å leggje til rette for oppføring av om lag 28 bustadar fordelt på 2 lågblokker på gnr. 137 bnr. 7 mfl. Planområdet er på om lag 18 daa og ligg på vestsunda av Radsundet, litt nord for brua som knyter Radøy saman med fastlandet. Alverstraumen kai. Planframlegget legg til rette for eit kaiområde, småbåthamn, parkeringsanlegg, leikeområde m.m. Av høyringsbrevet frå Alver kommune går det fram at næringsverksemda på staden er lagt ned.

Området inngår i dag i reguleringsplan PlanID 1263\_16042004 vedtatt i 2004. Planen viser at bygningane på kaien er regulert til industri. Planframlegget som no er på høyring medfører endring av gjeldande plan frå føremålet næring til bustadføremål.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

For området gjeld også kommunedelplan for Knarvik – Alverstraumen PlanID 1263\_20170. Denne planen er vedtatt 15.10.2019. Ut får det vi kan sjå er det kommunedelplan for Alverstraumen vedtatt i 2004 plankonsulent viser til i planskildringa.

For fylkesvegen gjeld reguleringsplan Rv. 565 Parsell Hilland–Alverstraumen vedtatt i 1990.

## **Historikk**

Det vart meldt oppstart for dette planarbeidet i 2012. Planarbeidet har tatt lang tid. Statens vegvesen gav uttale til oppstartsmelding den Planområdet er seinare utvida til å også å omfatte kryssområdet Fv. 565 med busshaldeplassar.

## **Arealpolitiske føringar for planarbeidet**

### Statlege retningslinjer:

Av statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging går det fram at *«Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikkikkerhet og effektiv trafikkavvikling.*

*Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

*Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med kollektivtransport, sykkel og gange. Planleggingen skal legge til rette for tilstrekkelig boligbygging i områder med press på boligmarkedet, med vekt på gode regionale løsnings på tvers av kommunegrensene.»*

### Nasjonal Transportplan (NTP)

Regjeringa vil halvere talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken innan 2024. Trass i ei betydeleg reduksjon i talet på alvorlege trafikkulykker de siste åra utgjør talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken framleis eit alvorleg samfunnsproblem.

Regjeringa meiner derfor at det er naudsynt med ei kraftig satsing på trafikktryggleik.

Jfr. NTP er det viktig at tilhøva vert lagt til rette for at born kan ferdast trygt mellom anna til og frå skulen. Skulevegen gjev born viktig trafikktraining, samstundes som sykling og gange har miljømessige fordelar og er eit viktig folkehelseiltak. Utbygging og utbetring av gang og sykkelveggar, samt oppgradering av haldeplassar, er viktige tiltak som bidreg til auka trafikktryggleik og god ferdsel for born og unge.

## **Statens vegvesen si vurdering av planframlegget**

Vegnormalane skal i høve til forskrift etter veglovens § 13 [2] gjelde for all planlegging og bygging av vegar og gater på det offentlege vegnettet. Statens vegvesen kan fråvike vegnormalane for riksveggar. For fylkesveggar og kommunale veggar er denne myndigheita tillagt høvesvis fylkeskommunen og kommunen.

### Kryssområde Fv. 565

Trafikkmengda på Fv. 565 er jfr. tal frå Nasjonal vegdatabank ÅDT = 6400 (2019). Skilta fart er ved kryssområdet 50 km/t. Ca. 150 meter nord for krysset er skilta fart 80 km/t.

Trafikkmengd og fartsnivå tilseier krav om venstresvingfelt i primær vegen og trafikkøy i sekundærveg, jfr. våre handbøker N100 Veg – og gateutforming (kap. D.1.1.2 og D1.1.3 og V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss. (kap. 3.2 og 3.3.) Hensikta med venstresvingfelt er å redusere faren for påkøyrslø bakfrå, medan ei dråpeøy skal bidra til å lede trafikantane til eit riktig sporval i krysset og gjere kryssinga enklare for dei gåande.

Planframlegget som er sendt til høyring har ikkje med seg tekniske teikningar jfr. handbok R700. Slike teikningar skal mellom anna vise kryss og busshaldeplassar. Dette gjer at Statens vegvesen ikkje kan vurdere framlegg til tekniske løysingar eller om naudsynte tiltak er mogeleg å gjennomføre innanfor juridisk plangrense.

Etter det vi kan sjå ut frå plankartet er frisktsonene i kryss slik dei går fram av plankartet ikkje i tråd med krava i N100. Det heller ikkje lagt opp til dråpe eller venstresvingfelt. Det er vidare uklårt korleis ein skal sikre trygg kryssing for mjuke trafikantar ved busshaldeplassar. Busshaldeplassen i nord ligg tett opp til 80-sona.

Fråvik frå N100 er ikkje avklart med Vestland fylkeskommune før planframlegget er lagt ut til offentleg ettersyn. Dette utgjer ein vesentleg mangel ved planframlegget.

### **Det kan være knytt motsegn til dette punktet**

#### Rekkefølgekrav

Krysset slik det ligg i dag er ikkje dimensjonert for den planlagde bruken og tilhøyrande anleggstrafikk. Reguleringsplanen må ha med seg rekkefølgekrav som sikrar utbetring av kryss og busshaldeplassar før det vert gjeve igangsetjingsløyve for tiltak innanfor planområdet. Eventuelle krav knytt til etablering av trygg kryssing for mjuke trafikantar må og vurderast i denne samanhengen.

### **Det kan være knytt motsegn til dette punktet**

#### **Gang- og sykkelveg**

ROS-analyse i saka har ikkje med seg temaet trafikktryggleik utover ei vurdering av transport av farleg gods. Temaet trafikktilhøve er omtale i planskildringa pkt. 6.14. Plankonsulent viser til at kommunedelplan trafikksikring 2017–2020 omtalar strekninga Fv. 565 Hilland – Remme som utrygg skuleveg. Den har manglande tilbod for mjuke trafikantar og dårlege busslommer. Plankonsulent skriv:

*Trafikksikringsplanen foreslår at det vert opparbeidd gang- og sykkelveg og planskilt kryssing i samsvar med gjeldande reguleringsplan, men påpeiker at planen no er forelda med tanke på ekspropriasjon av grunn»*. Plankonsulent viser til at det i Nordhordlandspakka er planlagt utbetring av Fv. 565 og bygging av gang- og sykkelveg på 3,3 km i tidlegare Lindås kommune mellom Hilland og grensa til tidlegare Radøy/Lindås.

Strekket frå planområdet fram til Alversund bru er som plankonsulent peiker på, definert som farleg skuleveg. Barn ferdast langs vegen også utanfor skuletida. Statens vegvesen meiner derfor at moglegheita for å få etablert eit tilbod til mjuke trafikantar må ligge inne som eitt avgjerande premiss for den planlagde utbygginga. Dersom ikkje gang- og sykkelveg kan regulerast og etablerast innan rimeleg tid er ikkje dette området modent for utbygging. Alver kommune bør i så tilfelle ikkje vedta ein reguleringsplan med rekkefølgjekrav som ikkje lar seg realisere. Erfaring frå liknande saker viser at dette ofte fører til press frå utbyggjar om å få dispensasjon.

**Det kan vere motsegn knytt til dette punktet.**

### **Oppsummering**

Ut frå den dokumentasjon som er mottatt er det Statens vegvesen si vurdering at framlegget til detaljreguleringsplan for Alverstraumen kai ikkje ivaretar omsynet til trafikktryggleik i tilstrekkeleg grad. Vi meiner det er trong for omarbeiding av plankart og føresegner.

Planframlegget har vesentlege manglar når det gjeld krav til dokumentasjon med omsyn til val av konkrete løysingar og gjennomføring av tiltaket. Fråvik frå vegnormal N100 er ikkje synleggjort.

Statens vegvesen deltek gjerne i eit eventuelt dialog-/drøftingsmøte med kommunen om saka.

Transport vest, Transportforvaltning 3  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN